

Kva:	Møte nr. 12 i Langrennskomiteen, 2023-2025
Tidspunkt:	Tysdag 13. mai 2025, kl. 20:00-21:50
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<i>REFERATSAKER</i> <i>SAK 75 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 76 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 11 23-25 i LK</i> <i>SAK 77 23-25 Møteaktivitet mellom LK møte</i> <i>RAPPORTERINGSSAKER</i> <i>SAK 78 23-25 Rekneskapsrapport pr. 31.12.2024</i> <i>DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 79 23-25 Krinslaga i langrenn 2025-2026</i> <i>SAK 80 23-25 Team Elon Vest og Team SørVest</i> <i>SAK 81 23-25 Sognefjellet Sommarskiskule 2025</i> <i>SAK 82 23-25 Saker til vårmøte 26. mai 2025</i> <i>SAK 83 23-25 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, og Magnorpokal</i> <i>EVENTUELT</i>
Til stades:	Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Eline Orheim, Reidun Smørdal Hjelle, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Torstein Blikra
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

- SAK 75 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.
- VEDTAK**
Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.
- SAK 76 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 11 23-25 i langrennskomiteen**
Bakgrunn
Protokoll nr. 11 23-25 frå langrennskomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.
- VEDTAK**
Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 11 23-25.



SAK 77 23-25

Møteaktivitet mellom LK møta

Bakgrunn

Langrennskomiteen har hatt fleire arbeidsmøter i planlegginga av krinslagstilbodet 2025-2026.

Saker i arbeidsmøte har m.a. vore evaluering av krinslagsdeltakinga og planlegging av krinslagstilbodet 2025-2026. Følgjande møter er gjennomført:

- Møte i LK 13. april
- Møte med LK og krinslagstrenarar 22. april.
- Fleire møter med aktuelle krinslagsutøvarar og føresette

Framlegg til VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 78 23-25

Rekneskapsrapport pr. 31.12.2024

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 31.12.2024 er lagt ved som eige vedlegg. Adm. sjef legg fram rapporten i møte.

Nøkkeltal;

Driftsinntekter LK: kr. 1 089 307,-

Driftskostnader LK: kr. -974 616,-

Resultat: kr. 114 691,-

Eigenkapital langrenn pr. 31.12.2024: kr. 549 941,-

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 79 23-25

Krinslaga i langrenn 2025-2026

Bakgrunn

Info om krinslagstilbodet for 2025-2026 er vedlagt. Krinslagstilbodet 2025-2026 er basert på følgjande:

- Møte i LK 13. april
- Evalueringsmøte med krinslagstrenarane 22. april
- Fleire møter med aktuelle utøvarar/ føresette
- Tidlegare krinslagsaktivitet og erfaringar
- Økonomiske rammevilkår



Komiteen har økonomiske rammer til å legge til rette for krinslagsaktiviteten jamfør vedlagt tilbud.

VEDTAK

Langrennskomiteen vedtek krinslagstilbudet slik det føreligg. Krinslagstilbud og påmelding til samlinger vert sendt ut snarast.

SAK 80 23-25

Team Elon Vest og Team SørVest

Bakgrunn

Leiar i LK orientera i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og merkar seg elles at Team Elon Vest skifta namn til Team Elon Sør-Vest.

SAK 81 23-25

Sognefjellet Sommarskiskule 2025

Bakgrunn

Sognefjellet sommarskiskule 2025 vert avvikle 23.-27. juni i Skjolden og på Sognefjellet.

Rammer for sommarskiskulen er like som i 2024.

All informasjon om sommarskiskulen ligg på nettsidene til skikrinsen:

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/sognefjellet-sommarskiskule/>

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 82 23-25

Saker til vårmøte 26. mai 2025

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at vårmøte 2025 skal avviklast måndag 26. mai samband med Skikrinstinget 2025 på Skei.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram for Skikrinstinget/ vårmøte måndag 26. mai:

kl. 17:00: Greinvise vårmøter i alpint, hopp/ kombinert, og langrenn

kl. 19:15: Prisutdelingar

kl. 19:30: Skikrinstinget 2025

Langrennskomiteen fastset sakliste for vårmøte langrenn.



I samband med vårmøte 2024 la ein til grunn følgjande sakliste:

1. Oppsummering av sesongen
2. Breiddesamlingar 11-16 år
3. Krinslaget i langrenn
4. Nye arrangement
5. Innspel til terminlista

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste:

- Oppsummering av sesongen 2024/2025
- Rekruttering
- Krinslaga i langrenn 2025/2026
- Breiddesamlingar 11-16 år
- Rammer for terminlista 2025/2026
- Økonomi og marknad

SAK 83 23-25

Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, og Magnorpokal

Bakgrunn

I samband med Skikrinstinget 2023 skal Sogn og Fjordane Skikrins dele ut Bragdpokal, Talentpokal, og Magnorpokal.

Fagkomiteane i skikrinsen kjem med framlegg på kandidatar til Skikrinsstyret som gjer endeleg innstilling.

Statuttar Bragdpokal:

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

Statuttar Talentpokal:

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats

Statuttar Magnorpokal:

Delast ut 2. kvart år, totalt 4 pokalar.

Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

NSF sin Jubileumspokal:

Vart gjeven ut i 10 år frå 2014 og er no avslutta.

Vedlagt også oversikt over tidlegare tildelingar.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande innstilling:



Bragdpokal:

- Gjøran Tefre, Førde IL - NM Gull Beitostølen 2024
- Johan Olav Botn, Stårheim IL - 6. plass NM Beitostølen 2024
- Simon H. Kirkeeide, Markane IL - 8. plass NM Hovden 2025

Talentpokal:

- Jenny Bjørkhaug, Førde IL
- David Engesæter, Førde IL
- Othilie Bosdal-Thorsen, Førde IL

Magnorpokal:

- David Amsrud Husa, Førde IL
- Ane H. Kirkeeide, Markane IL

EVENTUELT

Neste møte i langrennskomiteen:

Vårmøte 26. mai 2025, Thon Hotell Jølster

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef